

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Utbyttet frå Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) til Sogn og Fjordane Holding AS er kr 59 287 616. Dette vert først utbetalt frå SFE 2. november (pga. pandemien).

Styret i Sogn og Fjordane Holding AS trefte i april i år slikt vedtak: *«Under føresetnad av at SFE betaler utbytte i år tek styret sikte på fremje forslag til utbytteutdeling på grunnlag av mellombalanse jf. aksjelova § 8-2 a. hausten 2020 med halvparten av utbytte frå SFE for driftsåret 2019 og ber revisor og dagleg leiar legge til rette for ein slik prosess»*

Generalforsamlinga slutta seg til dette 29.06.

Opplegget til dagleg leiar i Sogn og Fjordane Holding AS er no at selskapet skal dele ut halvparten av kr 57 523 560 (kr 15 per aksje), dvs. kr. 28 761 780, i ekstraordinært utbyte til aksjonærane i selskapet i 2020.

Vestland fylkeskommune eig 20 % av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS og vil difor venteleg få utbetalt **ca. 5,7 MNOK i utbyte i 2020.**

Dette opplegget må stadfestast av ekstraordinær generalforsamling i selskapet, som tidlegast vert halde i midten av november (truleg noko seinare).

Det er ikkje føringar i Vestland fylkeskommune på bruk av utbytet.